

Arkitektbyrå frå Bergen lagar sentrumsstrategi for Førde

Dei vil samle sentrum for å skape éin by

FØRDE: Arkitektbyrået Fortunen AS lagar ny sentrumsstrategi for Førde.

MARIE HAVNEN
marie.havnen@firda.no

- Vi ser på korleis sentrum kan bli eit godt bysentrum med menneske i sentrum. Eit godt byrom er stova i ein by, der folk i alle aldrar kan møtast. Det manglar Førde, seier Nils Johan Mannsåker, dagleg leiar i Fortunen AS.

Arkitektfirmaet med base i Bergen skal på oppdrag frå politikarane i Førde lage ein sentrumsstrategi. Sidan april har dei jobba med planen som skal vere eit styringsdokument for Førde sentrum som skal sikre ei meir heilskapleg byutvikling framover.

Mannsåker skildrar dagens sentrum som utflytande.

- Sentrum er veldig karakterisert av parkeringsplassar og har ingen gode opphaldsrom. Men det er eit fantastisk potensial langs elva, ved fjorden og med fjella rundt.

Bilen største utfordringa

Den store utfordringa er bilen, påpeikar Gro Haveland, arkitekt og utflytta førdianar.

- Ein må prøve å frigjere ein del område i sentrum til gode byrom. Vi må få bilane inn i parkeringsanlegg og opne butikkfasadane i handelshusa. Førde treng fleire gater.

Dei ser til dømes for seg at Naustdalsvegen kan bli «Naustdal Bulevard».

- Gata er brei som ein bulevard. Viss ein opnar forretningsfasadane i første etasje, får fleire inngangar på handelshusa og lagar utstillingsvindauge som vender seg mot gata, og får tak over, samt grønne midtribattar i veggen, er mykje gjort. Tenk litt Champs-Élysées i Paris, seier Haveland.

Små grep

Planane tar utgangspunkt i kombinasjonen eksisterande busetnad og det nye som skal komme i framtida.

- Vi trur ikkje det må veldig store grep til for å få gode byrom. Vi held oss til kva som er realistisk, seier Mannsåker og peikar på plassen framfor rådhuset.

- Her er det rom for lek for ungar og opphald for vaksne. No blir plassen brukt nokre gongar i året, men det skjer for lite her.

Arkitektane trekker også fram Hafstadvegen.

- Den manglar tiltak som gjer at folk oppheld seg der. Det kan vere uformelle sittegrupper og leikar for barn, seier Mannsåker.

Gata som går bak Kunstmu-seet og Venezia, stoppar på par-



FLEIRE GATER: - Generelt ønsker vi aktive fasadar som ikkje er så harde. Søyler og tak vil vi prøve å innføre. Vil vil gjere Førde endå finare, seier Gro Haveland i midten. Til venstre Nils Mannsåker og Jon Mannsåker (t.h.). Også arkitekten Maria Hoge frå Førde er med i prosjektgruppa.

BEGGE FOTO: MARIE HAVNEN

keringsplassen ved Handelshuset Amfi.

- Her må vi gjere noko med gata. Potensialet blir stort når Førdepakken kjem med ny gangbru over til andre sida av elva. Då treng ein gode uteom-

råder på begge sider av brua, seier Haveland.

I planen til arkitektane finst det ikkje noko som heiter «sentrum sør» lenger.

- Vi snakkar om eitt sentrum med elva i midten. Det er viktig å samle Førde igjen, seier Mannsåker.

Flere bustadar

Arkitekten peikar på at Førde har potensial for 100 nye bustadar i året, og at halvparten av dei er tenkt bygde i sentrum. Det betyr 600 nye bustadar i

sentrum innan 2030.

- Det er nok til å lage ein bystruktur i Førde sentrum. På 13 år kan det bli 1800 fleire menneske som har ti minutt å gå, som ikkje treng køyre bil, til skule, butikk og pub, seier Mannsåker og legg til:

- For å skape liv i sentrum er det viktig å bygge her for ein mettar behovet med bygging i utkanten. Det må komme i gang så fort som mogleg.

I dag er han, Haveland og Jon Mannsåker på rådhuset i Førde og jobbar med planen. På mo-

dellen på bordet framfor dei er tomta der Firda Billag sin verkstad ligg i dag gjort om til bustadar.

- Det må understreke at Firda Billag verkeleg er ei hjørnesteinsbedrift som må ha gode vilkår, som må ligge på ein høveleg plass, men ikkje midt i sentrum. Rutebilstasjonen må sjølvstendig ligge i sentrum, men den må gjerast meir attraktiv og tilgjengeleg enn den er i dag.

Dei meiner det er optimistisk å tru at alle 1. etasjar i sentrum skal fyllast med butikkar.

- Ein må vere opne for anna type aktivitet også. Vi har vore inne på tanken at det kan byggast studentbustadar i det som hittil blir kalla sentrum sør. Det vil gi meir aktivitet om kvelden, og kan opne for alternativ aktivitet, seier Haveland.

Må utnytte Førdepakken

Arkitektane er opptekne av å knyte sentrum godt saman.

- Nye bruer, nye gater er avgjerande. Det er slik ein by fungerer, at det er korte avstandar. I mitt hovud er ein by ei tettare

buform, der det er tettare mellom opplevingane, tettare mellom uterom med kvalitet, der du får det du treng i gåavstand, seier Mannsåker.

Både han og Haveland meiner at Førdepakken må bli meir enn trafikale løysingar.

- Viss ikkje er ikkje potensialet utnytta. Det blir investert mykje pengar og ligg fleire val der enn berre for trafikken. I Hafstadvegen bør arkitektar inn og sjå på korleis ein tek var på dei gåande. Førdepakken må spele på lag med byutviklinga.



SENTRUM: Arkitektane lagar ein sentrumsstrategi for Førde sentrum. I ytterkantane ser ein Førde stadion, Hafstad vgs, rundkøyninga ved Førde Hotell og Førdegården. **SKISSE: FORTUNEN ARKITEKTER AS**



BYROM: Fortunen Arkitekter AS jobbar med å lage ein sentrumsstrategi for Førde. - Plassen utanfor rådhuset er eit døme på ein stad der få grep kan gjere mykje for å lage ein møteplass for folk. Ein kan meblere meir, lage til noko ungar kan leike på. Plassen må brukast meir enn nokre gonger i året, seier dei.

Sjølv om dei lagar strategi for eit avgrensa sentrumsområde, er dei opptekne av å ha med seg planane for Indre Øyrane og Brulandsvollene. Dessutan ser dei potensial i Ytre Øyrane.

- Ingenting kan sjåast utan samanheng, seier Mannsåker.

Vil ha diskusjonar

Hittil har arkitektfirmaet hatt i overkant av 20 møter med ulike aktørar i sentrum.

- Vi vil høyre kva førdianarane ønsker for byen i framtida. Vi er opne for alle innspel, det

er berre å kontakte oss, seier Haveland.

21.-23. september held dei ein workshop utandørs i Førde for å komme i kontakt med folk, og for å vise nokre av sine tankar om potensialet til Førde.

Målet er å gi frå seg strategiplanen godt utpå vinteren.

- No skal vi gå tettare på utfordringane. Det er til dømes eigedomsgrenser og ulik investeringslyst. Vi tar med oss innspel og motstand og utviklar planen vidare.

- Vi vil få fram dei rette stra-

tegiane for å skape investeringslyst. Vi vil vite kva vi skal satse på for å få engasjement, og vite kva kommunen må bidra med for å få det til, seier Odd Harry Strømsli, plan- og byggesjef i kommunen.

Ifølge Strømsli skal sentrumsstrategien først og fremst vere eit forslag til utvikling.

- Dermed kan vi få opp diskusjonane. Så kan ein ta dei sterke sidene og svakheitene ved dei frammar, og sjå på kva vil kan få til.